

NVE – Konesjionsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Voss Energi AS
Pb 205, 5702 Voss
T 56 52 83 00
F 56 52 83 20
firmapost@vossenergi.no
kundemottak@vossenergi.no
www.vossenergi.no

NO 984 665 776
B.giro 3480.11.27128

DYKKAR REF.

VÅR REF.

DATO

201201902

02.05.2017

Kommentarar i høve fråsegner og motsegn til Storagroe Kraftverk

Det har kome fleire kommentarar på den raudlista arten fossefiltlav og andre høve som vedgår konsekvensutgreiinga. Voss Energi har ingen nye opplysningar til konsekvensutgreiinga, men syner til tilleggsutgreiinga som er utført. Tilleggsutgreiinga ligg vedlagt konsekvensutgreiinga og er utført av fagfolk for å gje best mogeleg kunnskapsgrunnlag ifbm søknaden.

Voss Energi trur at den eine Ospa med den spesielle førekomsten vil få høgare fokus og betre oppfølging dersom Storagroe kraftverk vert bygt. NVE / OED kan gjennom pålegg sikre god oppfølging og dokumentasjon av utviklinga. Den aktuelle Ospa vil uansett ha avgrensa levetid, så då vert spørsmålet om andre instansar tek jobben med å fylgje opp denne sjeldne førekomsten og logge utviklinga i høve referansefelt som er identifisert av prosjektet.

Voss Energi er svært opne for samarbeid med fagmiljøa på området for å ivareta arten på ein best mogeleg måte. Ein kan lage kunstige sprutsoner, gjerde inn lokaliteten, forsøke å forlenge levetida til Ospa samt gjere forsøk med å spreie lokaliteten til mulige habitat i nærområdet. Ein kan til dømes opprette ei tverrfagleg referansegruppe finansiert av kraftselskapet som skal fylgja opp utvikling og tilhøyrande tiltak i tilknytning til arten.

Voss Energi meiner også at den negative fokuset ift nye landskapsinngrep som fylgje av tilkomstvegar og nedgravd røyrgate er overdrive. Når området er revegetert vil det vera vanskeleg å identifisere andre inngrep enn avkøyring til inntaka og bort til kraftverket. Me syner elles til våre utgreiingar og synspunkt i sjølve søknaden som står ved lag.

Med vennleg helsing
Voss Energi AS

Rune Nesheim
Adm. Dir

Yngve Tranøy
Prosjektleder
922 10 098 / 56 52 83 09
yngve.tranoy@vossenergi.no